

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/579-1

Årsmelding 2013 – frå fylkesrådet for funksjonshemma

Framlegg til vedtak:

Sekretæren rår fylkesrådet for funksjonshemma til å gjere slikt vedtak:

- 1) Årsmelding 2013 vert godkjend
- 2) Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 6. februar
- 3) Fylkesrådet ber administrasjonen legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen og trykke opp 100 papir eksemplara

Vedlegg: Årsmelding 2013 - utkast

Andre dokument som ikkje ligg ved: Ingen

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for funksjonshemma er eit rådgjevande organ for fylkeskommunale, fylkesstatlege og kommunane i saker som vedkjem dei funksjonshemma. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som er viktig for funksjonshemma.

Overordna målsetjingar

- Fremja likestilling på alle samfunnsområde
- Leggja til rette for aktiv deltaking i samfunnslivet
- Ivareta og vidareutvikla funksjonshemma sine rettar
- Fremja desentraliserte, integrerte og koordinerte tenester.

Lov om råd eller annan representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne vart vedteken av Stortinget 17. juni 2005 med verknad frå 01.01.2008.

Etter denne lova skal alle kommunar og fylkeskommunar ha eit råd eller annan

representasjonsordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet for funksjonshemma har valt Arbeid for alle – også funksjonshemma som hovudfokus i denne valperioden.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemmer til nemnder o.a. Valperioden 2011 – 2015 vart følgjande valt som medlem av fylkesrådet for funksjonshemma:

Norunn Lunde Furnes	– politikar	varamedlem er:	Ragnar Eimhjellen
Odd Atle Stegegjerdet	– politikar	varamedlem er:	Randi Rønnekleiv Melvær
Solfrid Lillebø	– FFO ⁱ	varamedlem er:	Gerd Bjørkedal
Geir Liavåg Strand	– FFO	varamedlem er:	Alfred Brusegard
Solfrid Fossberg	– SAFO ⁱⁱ	varamedlem er:	Gry Sætre

Leier av fylkesrådet er Norunn Lunde Furnes
Nestleiar er Odd Atle Stegegjerdet.

Sekretærstøtte

Fylkesrådmannen syter for sekretariat for rådet. Rådet har gjennomgåande hatt ei sekretær tilsett i 50% stillingstorleik. Frå sommaren 2012 gikk sekretær Britt Marie Norheim av med pensjon og fylkesrådmann har etter den tid stilt generell sekretariatstøtte til rådvelde. Arvid Stenehem, rådgjevar ved fylkesrådmann sin stab, vart kontaktperson for rådet ut året. Ordninga vert vidareført til ei meir permanent ordning er på plass.

4. Konklusjon

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte no 6. februar og sekretariatet redigere i etterkant melding og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kom fram i møtet.

ⁱ Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Med sine 75 medlemsorganisasjoner, som til sammen har mer enn 335.000 medlemmer, er FFO Norges største paraplyorganisasjon for organisasjoner av funksjonshemmede og kronisk syke.

ⁱⁱ SAFO er en sammenslutning av tre interessepolitiske organisasjoner for og av mennesker med nedsatt funksjonsevne. Vi består av [FNDB](#), [NFU](#) og [NHF](#).